

Samnanger

– der du vil leva og bu



Kulturplan for
Samnanger kommune

"Kultur for alle"



"TX-VIKING" og ungdommar i Samnanger

2009 - 2013 (2020)

Vedteken i Utvalet for Oppvekst og Omsorg 10.02.09 sak 01/09.

Føreord

Med dette dokumentet har Samnanger Kommune fått ein kulturplan som skal gjelda for dei neste 12 åra. Planen er ikkje skriven for å verta liggjande i ei skuff, men er meint å vera eit dokument som skal nyttast aktivt i arbeidet med kultur i kommunen. Tiltaksdelen skal rullerast i samband med økonomiplanen.

Det har vore ein lang prosess for å koma fram til dette endelege utkast til plan. Mange har vore involvert i arbeidet. Både politikarar frå Utval for oppvekst og omsorg, lag og organisasjonar har gjeve viktig innspel undervegs.

Planen starta med ein idédugnad der Trude Løvskar var prosessrettleiar. Det kom inn mange gode framlegg i denne prosessen. Desse innspela har vore drøfta i utval for oppvekst og omsorg og planen er bygd rundt desse framlegga.

Kulturkonsulent Johannes Tysseland har vore sekretær for delar av arbeidet og konsulent Magda Haugen har sett saman dokumentet slik det no ligg føre. Kulturkonsulenten har ansvar for at planen vert gjennomført og fylgt opp i kommunen sin økonomiplan.

Vi ønskjer at denne kulturplanen kan inspirera til eit aktivt samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane i Samnanger for saman å skapa ”kultur for alle” i framtida.

Hilde-Lill Våge
assisterande administrasjonssjef



Tittel: "Blå hest". Handkolorert teikning av Elbjørg Ribe.

Dikt av Dom Helder Camara

*Vær barmhjertig, Herre.
Vis en særskilt omsorg
For de mennesker som er så logiske,
praktiske,
realistiske
at de forarges
når noen kan tro
at det finnes en liten blå hest...*

Innhald

Kap.	Avsn.	Innhald	side
1	0	<i>Innleiing</i>	4
	1	Bakgrunn	4
	2	Forankring, mandat og arbeidsgrupper / arbeidsprosess	4
	3	Lovverk og rammevilkår	4
	4	Avklaringar / avgrensingar / definisjonar	5
	5	Iverksetjing og rullering	6
2	0	<i>Om Samnanger kommune</i>	6
	1	Geografi - infrastruktur	6
	2	Næring / arbeid i Samnanger kommune.	6
	3	Barnehagar / skular	7
	4	Alderssamansetnad – kven skal kulturen nå?	8
	5	Framskriving av folketalet – omfanget av kulturtilbodet.	9
	6	Kommuneplanen for Samnanger kommune 2007 – 2017.	9
	7	Økonomi – Kva kostar kultur og kva vil det kosta å bli betre?	9
3	0	<i>Generelt om kultur i Samnanger Kommune</i>	10
4	0	<i>Kulturaktivitetar i Samnanger Kommune</i> <i>Slik det er, vurderingar og utfordringar, og slik me ynskjer det skal verta.</i>	11
	1	Kulturskulen	11
	2	Bibliotek	12
	3	Kulturbygg	13
	4	Kulturminnevern	14
	5	Idrett / friluftsliv / fellesrom/ møteplassar	15
	6	Andre tiltak - ungdom – vaksne – eldre	16
	7	Kyrkja / trussamfunn	17
	8	Kultur / næring	18
	9	Internasjonal kommune	19
	10	Kultur i regional samanheng	20
5	0	<i>Tiltaksplan</i>	21
	1	Kulturskulen	22
	2	Bibliotek	22
	3	Kulturminnevern	22
	4	Kulturbygg / Idrett / friluftsliv / fellesrom/ møteplassar	23
	5	Generelle kulturtiltak	24
6	0	<i>Kjelder</i>	26

1.0. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Den nye kulturplanen byggjer på Samnanger kommune sin kommuneplan og inneheld mål, strategiar og prioriteringar for kommunen sitt arbeid innanfor kultur- og fritidsområdet. Dette vedkjem bokstaveleg talt samningane sitt liv frå vogge til grav, og omfattar både bibliotek, kulturskule, oppvekstmiljø for barn og unge, idrett og friluftsliv, kyrkje og trussamfunn, kulturvern og ulike kulturtilskipingar.

Samnanger kommune ønskjer at me skal ha ein kommune der det er godt å leva og å bu. Me ønskjer at samfunnet vårt skal vera trygt og prega av omsorg og toleranse. Gode kultur- og fritidstilbod er og viktig for næringslivet. Skal verksemdene etablere seg i kommunen, er ikkje geografi og arealplanlegging og gode kommunikasjonar nok. For at verksemdene skal rekruttere, halda på og utvikla godt kvalifisert arbeidskraft er kultur og fritidstilbod viktig. Dette medverkar til at kommunen får inntekter og for gjennomføra tiltak innanfor heile verkeområdet til Samnanger kommune.

Samnanger kommune har i tidlegare planar prioritert å støtta det frivillige og lokale kulturlivet framfor å driva med aktivt kulturarbeid. Dette har sidan endra seg, og den nye kulturlova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. I § 4 i Kulturlova heiter det:

"Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt."

1.2 Forankring, mandat og arbeidsgrupper / arbeidsprosess

Gjennom arbeidet med den nye kommuneplanen såg ein at det var trong for å arbeida fram ein kulturplan. Planen er vorten til etter ein lengre prosess. Kommunen sette først ned ei prosjektgruppe som sidan organiserte arbeidsgrupper til idédugnad. Kapittelinnendinga og tiltaka er resultat av arbeidet der. I dei ulike arbeidsgruppene sat det representantar frå dei fleste lag/organisasjonar i kommunen. I tillegg er det kome innspel frå lag og enkeltpersonar.

1.3. Lovverk og rammevilkår

Følgjande lover er styrende for kulturarbeidet i kommunen:

- Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- Lov om kulturminne.
- Barnehagelova § 2 og Rammeplan for barnehagar omhandlar barnehagen som formidlar av kultur og kreativitet.
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 13-6 omhandlar musikk- og kulturskoletilbod.
- Kunnskapsdepartementet – "Skapende Læring"; Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010
- Barnekonvensjonen (FN) artikkel 31 omhandlar rettar for born til å delta i kulturliv og kunstnarisk verksemd.
- Lov om folkebibliotek.
- Lov om film og videogram.

Dei økonomiske rammene er avgjerande for kulturtilbodet/aktivitetane den enkelte kommune kan tilby.

1.4. Avklaringar / avgrensingar / definisjonar

Kulturverksemd er eit vidt begrep, men Kulturlova gjev følgjande definisjonar i § 2

- a. skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk,
- b. verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv,
- c. delta i kulturaktivitet,
- d. utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse.

- I vårt arbeid med kultur i Samnanger Kommune vil me ta utgangspunkt i visjonen vår:

Samnanger – der du vil leva og bu!

Med mål om: ”Kultur for alle”

Me ynskjer at:



Kultur skal

- vera ei positiv skaparkraft og utfolding som gjer at me får eit betre samfunn å bu i.
- skapa meir toleranse og forståing for andre menneske.
- gje oss vilje til å ta vare på gode tradisjonar og evne til å tenkja nye tankar.
- i sum vera alle positive byggjesteinar i vårt samfunn.

Me ynskjer at:

Kultur i Samnanger Kommune skal

- vera eit bærande element i den kommunale planlegging og utvikling.
- vera identitetsskapande.
- vera ein trivselsfaktor.
- vera stabiliserande.
- skapa møteplassar
- vera inkluderande.
- vera aktiviserande.
- vera førebyggjande.



Med desse definisjonane / vurderingane / måla i botn ønskjer me at planen skal verta ein arbeidsreiskap for alle kulturaktørar i Samnanger Kommune.

1.5. Iverksetjing og rullering

Utvalet for oppvekst og omsorg vedtek planen for perioden 2009 – 2013. Kulturkonsulenten har ansvar for å retta opp planen i tråd med gjeldande lover og retningslinjer.

Kulturkonsulenten har også ansvar for at tiltaksdelen vert handsama i kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Tiltaka skal rullerast kvart 4. år.

2.0 Om Samnanger kommune

2.1 Geografi – infrastruktur

Samnanger kommune ligg i Hordaland fylke, nærare bestemt i Midt-Hordaland.


Nabokommunane er Bergen i vest, Vaksdal i nord, Kvam i aust og Fusa og Os i sør.

Med eit innbyggjartal på 2400 (tal for 3.kvartal 2007) og eit areal på 265,5 kvadratkilometer er Samnanger ein relativt liten kommune i landsmålestokk. Nærleiken til Bergen gjer at me i stor grad kan nytta oss av det store spekter av kulturtilbod / kulturaktivitetar som me finn der. I Bergen finn ein kultur både på profesjonelt nivå og på amatørnivå innanfor alle kulturformer

Det meste av busetnaden finn ein langs fjorden frå Ådland til Tysse. Kommunesenteret er Tysse, bygt opp i samband med etablering av ullvarefabrikken. På Tysse finn ein i dag kommuneadministrasjonen, folkebibliotek, tannklinikk, daglegvarebutikk, byggevarehandel, ungdomsskule og den største verksemda i kommunen; Safa.

Bjørkheim har i nyare tid etablert seg som handelscenter, med daglegvarebutikk, bank, fabrikkutsal, lensmannskontor, kafé, motell og bensinstasjon. Samnangerheimen og Helsetunet med legetenesta, jordmortenesta, helsesøster og fysioterapitenesta er lokalisert til Haga.

Naturen i Samnanger er prega av mykje fjell med mange høve til å dyrka friluftsliv både sommar og vinter. I Eikedalen ligg eit av Vestlandet sine største alpinanlegg, og i Totræna finn ein eit flott anlegg med lysløype for tur/ langrenn.



2.2 Næring / arbeid i Samnanger

Samnanger har tradisjonar heilt 1886 innanfor ullvareproduksjon og frå 1909 med kraftutbygging som dei store arbeidsplassane. Safa overtok ullvarefabrikken på Tysse i 1941 og starta med sokkeproduksjon.



Dei er einaste sokkeprodusent i Noreg, og sysselsett om lag 40 årsverk. Samnanger har eit relativt lite næringsliv og dei fleste næringsdrivande er småskalaprodusentar av ymse slag og servicebedrifter. Samnanger kommune er den største arbeidsgjevaren i kommunen med ca 220 tilsette. Heile 58,7% av yrkesaktive samningar pendlar hovudsakleg til Bergen, men også til Fusa, Kvam eller andre kommunar for å arbeida.

Samnanger kommune ynskjer også eit samarbeid med næringslivet om utviklinga av kulturen i kommunen. Næringslivet kan i større grad vera med å formidla kultur. Særleg i skule og barnehage vil eit slikt samarbeid med det lokale kulturliv ha stor verdi.

Kommunen si satsing på tettstadutvikling på Ytre Tysse, næringshage og etableringa av eit *Kompetansesenter for Småkraft* i Samnanger skal vera med å stimulera til bygdeutvikling i kommunen. Småskalaverksemdar slik som gardsturisme, osteproduksjon, tynneproduksjon, jakt- og fiskeutleige er viktige kulturberarar som og kan medverka til at fleire ser verdien av å skapa arbeidsplassar og kultur i nærmiljøet.

2.3 Barnehagar / skular / kulturskulen

I Samnanger kommune finn ein 2 kommunale og ein privat barnehage. Kommunen har to barneskular og ein ungdomsskule. Det finst ingen vidaregåande skule og elevane må reisa til nabokommunane for å ta vidaregåande utdanning.

Det er viktig å sjå utdanningssystemet som ein heilskap, der barnehage, skule og kulturskule er viktige arenaer for kultur- og kunnskapsformidling. Barnehagen skal vera ein arena for utvikling av kulturelle identitetar, og skulen har fleire fag som rommar kompetansemål innan kunst, kultur og estetikk. Kulturskulen i Samnanger har eit unikt samarbeid med skulane og har og musikktilbod, ("Den kulturelle nistepakken") i dei kommunale barnehagane. Nasjonal satsing gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) gjer sitt til at elevar får formidla profesjonell kunst og kultur. Barnehagane og skulane er viktige og aktive kulturskaparar og kulturformidlarar. Det er ynskjeleg at denne gode utviklinga må halda fram og at både skule, barnehagar og kulturskulen kan vera fellesarenaer der alle kan få ta del i kulturopplevingar uavhengig av familiebakgrunn. I tillegg vil det verta viktig å utvida kulturskulen slik at den kan representera fleire kulturuttrykk.


Skulane har kvart sitt skulebibliotek og samarbeider med folkebiblioteket om litteraturformidling. Det er ynskje om å få til eit ytterlegare og fastare samarbeid mellom folkebiblioteket, skulane, barnehagane.



Elevarbeid

2.4 Alderssamansetnad – kven skal kulturen nå ?


Tabellen nedanfor viser alderssamansetnad i kommunen i 2006.



Figur nr. 1.

2.5 Framskriving av folketalet – omfanget av kulturtilbodet.

Tabellen nedanfor viser korleis SSB reknar utvikling i folketalet fram mot 2025:



Figur nr. 2


2.6 Kommuneplanen for Samnanger kommune 2007 – 2017.

Visjonen for kommuneplanen for 2007 til 2017 er: **Samnanger – der du vil leva og bu.**

Denne visjonen vert sentral i all tankegang som har med planlegging å gjera. Me ynskjer i større grad å setja fokus på kvalitetane både i dei kommunale tenestene og i det friviljuge arbeidet. Samnanger skal verkeleg verta ein stad der me ynskjer at folk skal bu og trivast gjennom heile livet. Å utvikla kulturaktivitetar for alle innbyggjarane vert sentralt i arbeidet med å vidareutvikla lokalsamfunnet vårt.

2.7 Økonomi – Kva kostar kultur og kva vil det kosta å bli betre ?

Samnanger kommune brukar lite pengar til kultur sett i høve til andre kommunar i landet og sett i høve til andre kommunar som me kan samanlikna oss med.



Figur nr. 3

Figur 3 viser at me brukar 2,7 % av netto driftsutgifter til kultur. Tilsvarande tal for gjennomsnitt kommunar i Hordaland er 4,7 %, og for gjennomsnittet kommunar i Noreg er talet 4,0 %.

Dersom Samnanger skal opp på nivået til kommunar i landet elles må det årlege kulturbudsjettet aukast monaleg.

3.0 Generelt om kultur i Samnanger Kommune

Det om lag 30 lag/organisasjonar som driv med friviljug kulturarbeid på ein eller annan måte. I år hadde dei som fekk tilskot til saman 1 584 medlemmer slik det går fram av medlemstala frå dei einskilde søknadene. I tillegg til dette veit me at mange deltek aktivt utan å vera medlemmer i noko lag eller organisasjon.

Det aller meste dreier seg om amatørar som for eiga eller andre si skuld utgjer det lokale kulturlivet. Kommunen driv aktivt kulturarbeid gjennom kulturskulen og folkebiblioteket. Samningane har også lett tilgang til kulturinstitusjonane i Bergen som kan tilby eit breitt spekter av kulturtilbod / aktivitetar både på amatørnivå og på profesjonelt nivå.



Seniordansarar Samnangerheimen 2007

4.0 Kulturaktivitetar i Samnanger Kommune

Slik det er, vurderingar og utfordringar, og slik me ynskjer det skal verta.

4.1 Kulturskulen		
Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Kulturskulen driv opplæring innan musikk, drama/teater, keramikk og foto/multimedia. Kulturskulen er også formidlar av kultur og samarbeider tett med grunnskulen både om opplæring og formidling og har eit samarbeid med dei kommunale barnehagane. Kulturskulen har pr. i dag ikkje tilbod til alle barn og unge i kommunen. Elevane i småskulen og vidaregåande skule fell utanfor. Vaksne og eldre har heller ikkje noko tilbod gjennom kulturskulen. Samnanger skulemusikklag driv og med opplæring i og formidling av musikk for og med born, men ressursane i kulturskulen er ikkje store nok til å dekkja deira behov for støtte/ opplæring.</p> <p>Ungdommens kulturmonstring –UKM – er eit tilbod for unge mellom 10 og 20 år</p>	<p>Kulturskulen har pr i dag for lite ressursar til at alle dei som ynskjer det kan få ta del i aktivitetane.</p> <p>Både eigenbetaling og mangel på ressursar gjer truleg at mange vert utestengde frå å ta del i tilbodet.</p> <p>I budsjettssamanheng trengst det ei vurdering av kor vidt kommunen bør overta den store økonomiske børa det er å leiga dirigent for skulemusikklaget.</p>	<p>Rammetimetalet i Kulturskulen bør aukast slik at</p> <ul style="list-style-type: none"> • fleire grupper av innbyggjarane kan få ta del i opplegget. • Samnanger skulemusikklag kan få meir støtte / opplæring. • Undervisninga kan gå føre seg meir på dagtid og mindre på ettermiddagstid. <p>På denne måten kan kulturskulen tiltrekkja seg godt kvalifiserte lærekrefter og kvaliteten på tenestene vil auka.</p> <p>Kulturskulen bør på sikt verta gratis.</p> <p>Detaljplanlegging av kulturskulen skal prioriterast</p>



Elevar frå Gjerde skule 2007


4.2 Bibliotek

Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Bibliotekdrifta i kommunen er ei lovpålagt teneste.</p> <p>Oppgåvene er å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd ved informasjonsformidling, å stilla bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for innbyggjarane. Tilgongen til informasjon og litteratur skal ikkje vera avhengig av økonomisk evne eller kor ein bur .</p> <p>I Samnanger vert det lagt vekt på at det skal vera kvalitet, mangfald og aktualitet i folkebiblioteket sine tilbod til alle generasjonar. Det vert særleg lagt vekt på barn og ungdom med ei rekkje tiltak retta mot denne gruppa.</p> <p>Biblioteket held til i underetasjen i Kommunehuset på Tysse og er ikkje universelt utforma.</p>	<p>Biblioteklokala er vanskeleg tilgjengelege. Det er trapper frå inngangspartiet til sjølve bibliotekrommet. Det er ikkje lagt inn heis. Slik biblioteket vert drive i dag, er det ulovleg sett i høve til forskrifter om universal utforming.</p> <p>Lokalitetane er dessutan for små til å gje plass til alle dei aktivitetane som eit bibliotek skal ivareta. Me saknar spesielt studieplassar og lesekorar.</p> <p>Spesielt utfordrande er det å finna plass for digitalt utstyr som skal vera tilgjengeleg for publikum.</p>	<p>Det vert laga ein bibliotekplan for Samnanger kommune. I planen vil det vera fokus på m.a. å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Realisera planane om eit nytt bibliotek. • Gje innbyggjarane våre eit allsidig, aktuelt og kvalitativt godt tilbod av bøker og andre media. • Fremja leseglede og leseevne, særleg mellom born og unge. • Gje innbyggjarane tilgong til og kunnskap om nettbaserte tenester. • Hjelpa og gje tilbod til skuleelevar, studentar og andre i ein læringssituasjon. • Utvikla biblioteket vidare som treffstad og arena for tilskipingar og utstillingar, med særleg fokus på lokale aktivitetar.



"Datagutar" på folkebiblioteket

4.3 Kulturbygg

Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>No er det mange bygningar i kommunen som tener som hus for ulike kulturaktivitetar. Me kan nemna:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle skulane våre (3) • Alle ungdomshusa våre (7) • Dei to bedehusa • Dei to kyrkjene • Stolpane skulehus i Nordbygda <p>Alle desse husa er eigna til ulike arrangement, men me saknar ein stad der fleire enn 300 personar kan samlast.</p>	<p>I mange samanhengar viser det seg at kulturbygga våre ikkje er tenelege til det føremålet som me ynskjer å nytta dei til.</p> <p>Ingen av bygga er store nok til å hysa meir enn 300 personar. Dette er utfordrande fordi ein i mange samanhengar kunne ynskja seg eit lokale som kan ta mellom 500 og 1000 personar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bibliotek for alle • Etablere eit kulturbygg som kan ha plass til 500 personar eller meir. Dette kan gjerne vera eit bygg som kan ha sambruk med idrett / fleirbrukshall. • Innføring av årleg prosjekt; Skule i gamle dagar på Stolpane skulehus for elevar og barnehageborn. • Stolpane skulehus må sjåast på som eit viktig kulturbygg. Det må utarbeidast planar for systematisk bruk av huset både av skulane og kulturlivet elles. <div style="text-align: right;">  </div>



Stolpane skulehus – flytting til Nordbygda skule

4.4 Kulturminnevern		
Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>I Samnanger har me nokre fornminne som er freda. I tillegg har me nokre bygningar som er vedtaksfreda. Nokre bygningar er også under vurdering for å søkja om freding.</p> <p>Kulturminne av spesiell interesse kan nemnast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Notaholmen • Eigedomen til Thomas Nordvik stifting i Nordvik. • Jonastova på Tysse. • Antons kulturhistoriske senter i Gamle Frøland skule. • Stolpane skulehus. • Botnahytta • Fossen bratte • Militærvegen over Brekkjen • Handelsstaden på Gaupholm • Gamal brakaløe i Eikedalen <p>(Lista er ikkje uttømande)</p>	<p>Kommunen har ikkje pr. i dag noko eigna lokale for lagring av historisk materiale.</p> <p>Å sikra og vedlikehalda kulturminne krev ofte store investeringar og løpande utgifter. Dette er noko som verken det offentlege eller private kan sjå seg råd til.</p> <p>Det kan ofte vera konfliktar mellom ynskje om utbyggingar / nybygg og ivaretaking av kulturminne.</p> <p>Riksantikvar og andre instansar set også ofte svært store krav til dei som eig kulturminne. Dette medfører i mange tilfelle at eigar ikkje ser seg råd til å vedlikehalda bygningar osb.</p>	<p>Me ynskjer å prioritera følgjande tiltak i planperioden:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppretta prioriteringsliste over det me vil ta vare på. • Oppretta eit lokale til arkivering av historisk materiale. • Sikring og skilting av klebersteinsbrot • Opprusting og vedlikehald av historiske vegar som Prestavegen, veggen over Brekken. • Etablere kultursti i Nordbygda (treskoverkstad, kvernhus, hjulmakarverkstad, Thomas Nordvik stifting) • SEFRAK -registeret



Frå eigedomen til Thomas Nordvik

4.5 Idrett / friluftsliv / fellesrom/ møteplassar

Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Samnanger har ein natur som innbyr til rekreasjon. Ein finn både fjord og fjell og det er fleire idrettsanlegg som er med å leggja tilhøva til rette for eit aktivt liv. Me kan nemna idrettsanlegget i Hagabotnane, skianlegget i Totræna, skytebaneanlegget i Gaupholmsmarka og alpinanlegget i Eikedalen.</p> <p>Strandsoneplanen legg føringar på allmenn bruk av strandsona vår.</p> <p>Bergen og omland friluftsråd står for vedlikehald av områda:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Badeplass Rolvsvåg • Flesjane • "Donaldfjæra" <p>Andre badeplassar er td:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ospevika • Førøyna • Skutevika • Ådlandsfjæra • Lahammaren • Bjørkheim • Børøysanden <p>(Lista er ikkje uttømande)</p> <p>Båthamner:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Moloen på Gjerde • Vågen ved Bjørkheim 	<p>Tiltaka i denne kategorien er viktige førebyggjande tilbod til alle aldersgrupper. Det er også særskilt viktig sett i høve til utfordringar innan psykiatri og rus.</p> <p>Samnanger har ikkje bygningar som gjev høve til ballspel slik som handball, volleyball eller basketball. Dette er eit sagn for mange og løysinga vert ofte å reisa ut or bygda for å få delta i slike aktivitetar.</p> <p>Grasbana i Hagabotnane er eit utfordrande prosjekt når det gjeld vedlikehald. Mange stader i landet vert det no meir og meir vanleg å leggja om til kunstgrasbaner. Dette kan også vera løysinga for Samnanger.</p> <p>Vegtilkomsten både til Totræna og Hagabotnane er for dårleg. Her trengst det opprusting.</p> <p>Attgroing av landskapet krev at det til ei kvar tid må arbeidast med rydding av skogsstiar.</p> <p>Det er ynskje om nye fellesrom:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ytre Tysse – 1000-årsstaden / park er under planlegging • Bjørkheimsrområdet – ynskje om etablering av uterom i samarbeid med handelsstanden • Området rundt Nordvikavatnet ligg godt til rette for opparbeiding av ein turveg. Det hadde vore eit flott anlegg som kan nyttast av både rullestolbrukarar, småbarnsfamiliar, eldre osv. 	<ul style="list-style-type: none"> • Fleirbrukshall/-hus. • Kunstgrasbane i Hagabotnane • Rydding av stiar samt kart. • Tilretteleggja aktivitetsstiar rundt skular og barnehagar. • Etablering av: Turveg rundt Nordvikavatnet, 1000-årsstaden Ytre Tysse, Møteplass på Bjørkheim.. • Gjera fellesrom / møteplassar meir tiltalande • Turgruppe. • Treningskontaktar. • Turlag for barn, vaksne og eldre. • Vedlikehald av anlegget i Hagabotnane / opprusting av tilførsleveg. • Veg til Totræna. • Opprusting av Totræna med aktivitetar på årsbasis • BMX-bane, ev motocross/ATV. • Sandvolleyballbane. • Tilrettelegging av badevikar. • Oppvarma basseng (spesielt med tanke på eldre /baby -symjing.) • Badeplass tilrettelagt for funksjonshemma, eldre og barnevogner.(universell utforming) • Etablera småbåthamn på Ytre Tysse



Gardsbarnehagen- på idrettsplassen

4.6 Andre tiltak – barn- ungdom – voksne - eldre

Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Dei friviljuge organisasjonane gjer det meste av kulturarbeidet for born / ungdom og eldre. Dette kulturarbeidet er positivt for lokalmiljøet vårt og i stor grad førebyggjande. Kommunen yter årlege tilskot til det viktige friviljuge arbeidet.</p> <p>Nordbygda ungdomslag driv leikarring for born i alderen 6-12 år Nordbygda ungdomslag driv også dans for eldre (seniordans)</p> <p>Michelle Kolbotn driv ballettskule for born i alderen i Vonheim</p> <p>Kunstutstilling i Smia kvart år.</p> <p>Vandreutstillingar på Bjørkheim kro</p>	<p>Mange etterlyser større mangfald i aktivitetane og kan difor ynskja seg eit breiare tilbod i kommunen.</p> <p>Dei ungdomane som ikkje er aktivisert gjennom organiserte tilbod, har ofte problem med å finna seg til rette.</p> <p>NUL driv tradisjonell leikarring med base i grendahuset. For å driva danseaktivitetar trengst det eldsjeler som kan leia gruppene.</p> <p>Ballettskulen er ein unik skule som er kjend utover Samnanger sine grenser. Problemet for dei er å finna eigna lokale. Dei treng stor golvplass, speil m.m, og ikkje minst scene.</p> <p>Kunstformidling er ein svært viktig del av opplevingane våre. Ivrige lokale kunstnarar har årleg stått for ein utstilling i Smia på Ytre Tysse. Det er svært viktig at dette held fram.</p> <p>Kommunen ynskjer å sjå på kultur for eldre som ein del av folkehelsearbeidet – både i og utanfor institusjon.</p> <p>Ein møteplass, eit seniorsenter for den gruppa av eldre som ikkje treng omsorg / pleie, vil vera eit førebyggjande tiltak i folkehelsearbeidet. Kultur er viktig for denne gruppa.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere kunstlag i kommunen • Speidartilbod • Kulturkontakt • ”Mekkeverkstad” • Nettverk for barne- og ungdomsarbeid • Revy / teater for ungdom. • BMX-bane, ev motorcross / ATV • Årlege kulturarrangement i kommunal regi i samarbeid med andre. • Konsertar mot bestemte målgrupper (klassisk, pop, blues, dansegalla med meir) • Seniorsenter / møteplass (jfr. Plan for pleie- og omsorgstenestene) • Disponibel buss til bruk ved arrangement mm. • Dansen treng gode vilkår dersom den skal utvikla seg og gje menneske i alle aldrar glede og aktivitet. • Eigna lokale for ballettskulen. Dette bør vera ein del av det eit nytt kulturhus bør innehalda.



Ungdomskonsert Nordbygda grendahus jula 2007

4.7 Kyrkja / trussamfunn		
Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Den norske kyrkja er det største trussamfunnet i Noreg. Kyrkja i Samnanger deltek i og er arrangør for mange kulturtilskipingar.</p> <p>Kyrkja i Samnanger viser særskilt engasjement for born og unge. Bedehusa/Samnanger indremisjon driv og med mange aktivitetar for born og eldre</p> <p>Det er få andre aktive trussamfunn i kommunen.</p>	<p>Det er ynskje om eit breitt samarbeid mellom kyrkje / trussamfunn, ulike friviljuge organisasjonar og kommunen når det gjeld kulturtilbodet.</p> <p>Kyrkja er avhengig av tilskot frå offentlege instansar for å halda breidde i arbeidet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Halda fram med å støtta kyrkja og trussamfunn med omsyn til økonomiske overføringar/tilskot til drift. • Stimulera til og oppmoda kyrkja og trussamfunna til kontakt og dialog mellom innbyggjarane. • Kyrkja og trussamfunna må framleis delta aktivt i samfunnslivet og å medverka til større forståing, toleranse og omsorg for den enkelte.



Nordvikasæterstemma 2008

4.8 Kultur / næring

Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
I Samnanger er det få gardsbruk, og dei fleste som eig gard, har gardsdrifta som attåt næring. Nokon har likevel satsa på gardsturisme, produksjon av lokal gardsmat, tynneproduksjon og lokal strømproduksjon (småkraft).	Det er svært arbeidskrevjande for dei som set i gang med slike lokale næringsprosjekt, og desse treng oppmuntring, støtte og hjelp for å halda oppe aktiviteten sin.	<ul style="list-style-type: none">• Etablering av kompetansesenter for småkraftverk kan vera med å styrkja både kultur og næring.• Stimulera til Bygdeutvikling og grøn kulturisme og vidareutvikla prosjektet "Ung i landbruket."• Møteplass og torg for sal av produkt



Besøk av Sintef og fylkeskommunen i Smia

4.9 Internasjonal kommune

Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Samnanger er ein kommune med innbyggjarar frå veldig mange ulike nasjonar. Det er både flyktningar og personar som har funne ektefelle her i Samnanger. Alle desse personane som kjem frå andre land enn Noreg har sin kultur og religion med seg.</p> <p>Det vert lagt ned mykje arbeid både av friviljuge og av kommunen for å integrera alle i lokalsamfunnet.</p> <p>Samnanger Kommune deltek også i eit prosjekt i regi av Fredskorpset der me har fått ein venskapskommune i Kenya. Det har vore utveksling både av born og vaksne i dette prosjektet.</p> <p>Samnanger Kommune har fått utmerkinga / statusen: "Internasjonal kommune" frå Fredskorpset i 2004.</p>	<p>Dei pågåande integrasjonsprosessane er utfordrande og krev heile tida at innbyggjarar arbeider med både haldningar og veremåte i høve til å møta framande menneske og framande kulturar.</p> <p>Samnanger treng plassar der menneske kan møtast</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Halda fram med venskapsprosjektet med Sigowet i Kenya. • Etablere møteplassar der framande kulturar møter kvarandre og vår eigen kultur. • Bruka innbyggjarar aktivt i kurs / møter / prosessar for å auka kunnskap og forståing om andre kulturar og tradisjonar (mat, handarbeid, kunst, musikk / dans med meir.)



"Short Cut" og ordføreren – Samnanger som internasjonal kommune

4.10 Kultur i regional samanheng

Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Etablering av eit Kompetansesenteret for småkraftverk er kome godt i gang.</p> <p>Antons kulturhistoriske senter er eit einmannsføretak som er under etablering. Dette senteret vert etablert i Frøland gamle skule og vil verta eit senter ikkje berre for samningar, men også for heile regionen</p> <p>Eikedalen skisenter er eit av Vestlandet sine største skisenter.</p> <p>Totræna vinterpark er eit anlegg som vert mykje nytta i regional samanheng.</p> <p>Tysseelva er attraktiv lakseelv.</p> <p>Skyteanlegget i Gaupholmsmarka er attraktivt for heile regionen.</p> <p>I Samnanger har me tradisjon for å arrangera store orienteringsløp både i regional og nasjonal samanheng.</p>	<p>Samnanger har potensiale til å markera seg innan kulturarbeid i regional samanheng på fleire område. Friviljuge lag og organisasjonar kan saman med kommunen gjera dette til ein realitet.</p> <p>Det er viktig å satsa på dei kulturelle attraksjonane våre som regionale anlegg og henta ut dei tilskotsmidlar som er tilgjengelege.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kompetansesenter for småkraft må vidareutviklast med fokus både bygde-, nærings- og kulturutvikling. • Realisera tankane om vidareutvikling av anlegga i Totræna vinterpark og Eikedalen skisenter • Kommunen ynskjer å støtta opp under dei tiltaka som innbyggjarane set i gang for å driva kulturarbeid i regionen vår.



Skiglede i Eikedalen

5.0 Tiltaksplan

Type gruppe / kategori	Inneheld type tiltak
Raud gruppe	Tiltak som må prioriterast i planperioden.
Gul gruppe	Tiltak som bør prioriterast, men som kan vika for tiltak i raud gruppe.
Grøn gruppe	Tiltak som må prioriterast i planperioden, men som kan løysast innan eksisterande rammer.

Oppvekst og omsorg – vedtak til kulturplanen:

"Samnanger er inne i ein spennande og krevjande fase når det gjeld lokalsamfunnsutvikling og forvaltning av dei ressursane me har til disposisjon. (m.a. økonomi/personal/tilsette)

- Skulestrukturen er til vurdering
- Kommunen får hand om store steinmassar (Tysse tunnel og evt. Aldalsutbyggjing).
- Det skal takast avgjerd om kommunehuset skal rehabiliterast eller seljast/nyttast til andre føremål.
- Det er komne mange innspel i høyringa om flytting av biblioteket (5.2). Nokre av desse er knytt til ynskje om eit nytt fleirbrukshus for kultur og idrett (5.4).

Slik utvalet vurderer engasjementet og høyringsuttalane om biblioteket og fleirbrukshus opp mot andre viktige planprosessar knytt til det som er nemnt ovanfor, vil me rå til at det straks vert starta eit utgreiingsarbeid med fleirbrukshus. "Er dette berre ein draum eller kan eit slikt hus realiserast i Samnanger og evt. når?" Me vil be PØ-utvalet laga "ei bestilling" inklusive finansiering for eit slikt utgreiingsarbeid og fremja ei sak til kommunestyret."



Ballettdans på Samnangerheimen.

5.1 Kulturskulen

Tiltak	Auke i ressursane til kulturskulen
Bakgrunn	Fleire må få ta del i kulturskulen sitt tilbod. Det må utarbeidast plan for evt. gjennomføring i frå 2010. Spesielt tilbod opp til 18 år og born i førskulealder og 1.-4. kl
Tidsplan	
Kostnad	
Ansvar	Kommunestyret
Konsekvens	

5.2 Bibliotek

Tiltak	Nytt bibliotek der folk ferdast
Bakgrunn	Biblioteklokala er dårleg eigna for drifta og tilfredstiller ikkje dagens krav. Det må lagast plan for nytt bibliotek og dette bør sjåast i samanheng med ein evt. Fleirbrukshall.
Tidsplan	
Kostnad	
Ansvar	Kommunestyret / eining for kultur
Konsekvens	Kommunen vil få lokalitetar som er i samsvar med dagens krav og innbyggjarane vil få ei godt teneleg bibliotekteneste

5.3 Kulturminnevern

Tiltak	Lokale for oppbevaring av historisk materiale
Bakgrunn	Det er no lite oversiktleg kva som finst av arkivverdig materiale. Det trengs å laga oversikter og system for å ta vare på dette.
Tidsplan	
Kostnad	
Ansvar	Eining for kultur i samarbeid med Historielaget (?)
Konsekvens	Det historiske materialet vert ivareteke for etterkomarane våre.

Tiltak	Etablera kultursti i Nordbygda
Bakgrunn	I Nordbygda finst det mange kulturminne i nærleiken av kvarandre. Ideen om ein kultussti har modnast i mange år, og det trengs no å få realisert ideane før kulturminna går tapt.
Tidsplan	Tiltaket må planleggjast i planperioden
Kostnad	
Ansvar	Eining for kultur i samarbeid med grunneigarar, Thomas Nordvik stifting og Historielaget.
Konsekvens	

Tiltak	Slektssoge / Bygdesoge – vidareføring av bygdebokarbeidet
Bakgrunn	Det ert ynskje om å vidareføra arbeidet med lokalhistorisk dokumentasjon / formidling
Tidsplan	I planperioden
Kostnad	
Ansvar	Eining for kultur i samarbeid med Samnanger historielag
Konsekvens	Lokalhistorien vert ivareteken for ettertida.

Tiltak	Laga oversikt over kulturminne som skal takast vare på.
Bakgrunn	I kommunen har me mange kulturminne, men ikkje nokon samla oversikt over desse.
Tidsplan	
Kostnad	Må løysast innanfor kulturkonsulenten sin stillingsprosent
Ansvar	Kulturkonsulent
Konsekvens	Ein vil til ei kvar tid ha oversikt over kulturminna for å søkja om eksterne midlar til vedl.hald

5.4 Kulturbygg / Idrett / friluftsliv / fellesrom/ møteplassar

Tiltak	Fleirbrukshus for kultur og idrett
Bakgrunn	Kommunen manglar tilrettelagde lokalitetar for ballspel og for store kulturarrangement. Bibliotek må også kunna lokaliserast i eit slikt bygg.
Tidsplan	Det må setjast ned eit adhocutval og tiltaket må inn på økonomiplanen 2009-12.
Kostnad	Avhengig av kva for kombinasjonsløyising som vert valt for etablering.
Ansvar	Kommunestyret / eining for kultur
Konsekvens	Ein får samla ulike idretts- og kulturaktivitetar innandørs – og f.eks bibliotek..

Tiltak	Etablera god møteplass på Bjørkheim
Bakgrunn	Ein god utandørs møteplass har vore etterlyst på Bjørkheimsområdet.
Tidsplan	Dette tiltaket må vurderast i samband med reguleringsplanarbeidet på Bjørkheim
Kostnad	Handelsstanden og Kommunen må yta sitt til tiltaket
Ansvar	
Konsekvens	Ein utandørs møteplass vil auka kvaliteten på området, og ein vil ha naturleg møteplass for ulike typar utandørsarrangement.

Tiltak	Turveg rundt Nordvikavatnet
Bakgrunn	Mange innbyggjarar er engasjerte i å få til eit slikt prosjekt og bygda vil med dette få ein tilrettelagt turveg for alle grupper
Tidsplan	
Kostnad	
Ansvar	Kommunestyret / eining for kultur
Konsekvens	

Tiltak	Forbetra / oppjustera badeplassar
Bakgrunn	Det er trong for tilrettelegging av badeplassar slik at alle kan nytta seg høvet til å bada.
Tidsplan	Kontinuerleg i planperioden
Kostnad	
Ansvar	BOF, Kommunestyret, Eining for kultur
Konsekvens	Alle får høve til å bada / fiska ved sjøen uansett funksjonsevne.

Tiltak	Tusenårsstaden Ytre Tysse – Kulturstien over Tyssereinane
Bakgrunn	Miljøgate, etablering av Tusenårspark på Ytre Tysse er under planlegging. Kulturstien startar i parken og må haldast ved like og den bør utvidast med aktivitetar.
Tidsplan	Vedteke og klar tilgjennomføring v-2009.
Kostnad	Tilskot frå BKK 400.000. Andre ?, men kommunen må også yta sin del til prosjektet.
Ansvar	Kommunestyret / Teknisk eining og Samnanger ungdomsskule, Velforeninga
Konsekvens	

Tiltak	Idrettsanlegget i Hagabotnane
Bakgrunn	Den grasbana me har i dag krev mykje vedlikehald og er svært kostbar i drift. Det må lagast plan for evt. omlegging til kunstgrasbane.
Tidsplan	
Kostnad	Ca 150.000 i vedlikehald + lønn ligg i budsjettet 2009.
Ansvar	Kommunestyret / eining for kultur
Konsekvens	Kommunen vil få gode tilhøve for dei som skal driva ballidrett utandørs.

Tiltak	Rydding av turstiar
Bakgrunn	Attgroing av landskapet er eit stadig aukande problem og det trengst stor innsats for å halda eit opnare landskap og gjera dette tilgjengeleg for folk flest.
Tidsplan	
Kostnad	Midlar i budsjettet for 2009
Ansvar	Eining for kultur / teknisk eining
Konsekvens	Det vil verta lettare å nytta turområda i kommunen og naturopplevingane vil verta betre ved at landsskapet opnar seg i større grad.

Tiltak	Turgruppe/Treningskontaktar/Turlag
Bakgrunn	"Opp av stolen", psykisk helse, Folkehelse
Tidsplan	
Kostnad	Nytt tiltak med auke på budsjettet 2009/ psykiatrimidlar
Ansvar	Idrettslag/anna lag/historielag
Konsekvens	



Skirenn i Totrøna

5.5 Generelle kulturtiltak

Tiltak	Auka samarbeid og koordinera all kulturaktivitet, søkje tilskot til ulike aktivitetar.
Bakgrunn	Kulturkonsulentstillinga er på ca 42 % og må aukast om alle tiltaka skal setjast i verk.
Tidsplan	2010
Kostnad	Ca 200.000 (auke med 58%)
Ansvar	Kommunestyret
Konsekvens	Auka aktivitet i kommunen og auka inntekter til ulike kulturaktivitetar.

Tiltak	Årlege arrangement for ungdom
Bakgrunn	Få tilstellingar for aldersgruppa 18-30 år
Tidsplan	
Kostnad	Bruka kulturmidlar 2009 samt psykiatrimidlar og midlar som kommunestyret set av til rusførebyggjande tiltak.
Ansvar	
Konsekvens	

Tiltak	Årlege arrangement for vaksne
Bakgrunn	Få tilstellingar/konsertar for vaksne i alderen 30-50 ++
Tidsplan	
Kostnad	Bruke kulturmidlar 2009
Ansvar	
Konsekvens	


Tiltak	Årleg samarbeid med Velforeiningar, lag og organisasjonar om arrangement
Bakgrunn	Samordne og koordinera arrangement og kommunal medspelar
Tidsplan	
Kostnad	Innanfor kulturmidlar 2009
Ansvar	
Konsekvens	

Tiltak	Internasjonalt kafé
Bakgrunn	Det er trong for å laga møteplassar der menneske frå ulike kulturar møtest for å læra kvarandre betre å kjenna
Tidsplan	I heile planperioden
Kostnad	Innanfor budsjettet 2009.
Ansvar	Kommunen i samarbeid med lag og org.
Konsekvens	Ein vil auka forståinga for framande kulturar og innflyttarar frå andre kulturar vil få høve til å verta kjende med lokal kultur.



Kjelder.

- Kulturplan for Lunner kommune.
- Kommuneplan for Samnanger Kommune 2007-2017
- Plan for pleie- og omsorgstenestene i Samnanger Kommune
- SSB – statistikkbanken
- Kostra.
- Lovdata
- Kunnskapsdepartementet – ”Skapende Læring”; Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010
- Bilde; Inge Aasgaard, Magda Haugen, Hilde-Lill Våge og Samingen.



Kunstutstilling i Smia v/Margunn Lømebakken